

**Notat**Dato: 13.06.2018  
Arkivsak: 2018/11854-1  
Saksbehandlar: ainhaug

---

|             |   |
|-------------|---|
| <b>Til:</b> | Fylkesutvalet, utval for kultur, idrett og regional utvikling, utval for opplæring og helse, fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdommens fylkesutval |
| <b>Frå:</b> | Fylkesrådmannen   |

---

**Korleis har ungdommane i Hordaland det?**

Kvart år gjennomfører ein eller fleire kommunar i Hordaland spørjeundersøkinga Ungdata på sine ungdomsskuler. Ofte deltek også den eller dei vidaregåande skulen(e) som ligg i kommunen. Ungdata er utvikla av Velferdsforskningsinstituttet NOVA og blir tilrettelagt lokalt av KoRus Vest Bergen. Dei har som målsetnad at kommunane skal gjenta undersøkinga kvart tredje til fjerde år, for å kunne følgje ei utvikling over tid. Hordaland fylkeskommune ved Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga samarbeidar med KoRus Vest Bergen om oppfølging av kommunane og dei vidaregåande skulene knytt til undersøkinga.

Med utgangspunkt i Ungdataundersøkingane som er gjennomført i fylket vårt dei siste tre åra, har Seksjon for forskning, internasjonisering og analyse utarbeidd ein rapport som gir eit innblikk i korleis ungdommane i Hordaland har det. Det er brukt tal både frå ungdomsskulen og frå vidaregåande skule.

Denne rapporten vil vere eit kunnskapsgrunnlag for «Program for folkehelsearbeid i kommunane» som no er i startfasen. Funna vil og vere relevante i arbeidet med ny folkehelseoversikt og påfølgande planstrategi.

I rapporten blir det sett nærmare på tema som er relevante for programarbeidet, nemleg psykisk helse og rus. Det er sett etter samanhengar mellom psykisk helse og faktorar som sosial deltaking, økonomisk bakgrunn, rus m.m. Funna viser at det er økonomiske skilnader mellom ungdom i kommunane når det gjeld trivsel, psykisk helse, deltaking og rusbruk. Det er og skilnad kommunane i mellom. Dette er kanskje ikkje overraskande, ettersom vi kjenner til desse samhengane nasjonalt og internasjonalt. Men det er nytt at vi får det framstilt så tydeleg på lokalt nivå.

Vedlagt følgjer ein rapport i tre delar: ein for ungdomsskuleelevar i fylket, ein for elevar i vidaregåande skule og ein for ungdomsskuleelevar i kommunane.

Rapporten er å finne på Hordaland fylkeskommune sine nettsider under AUD-rapportar (<https://www.hordaland.no/nn-NO/rapportar-og-statistikk/aud-rapportar/>) Kvar kommune har fått tilsendt «sin» rapport saman med fylkestala.